



Gamle3hus AS
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3211 - 17/2320

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
07.02.2017

Godkjenning - igangsettingsløyve for deler av tiltak - tilbygg til fritidsbustad på Fløksand, gbnr 5/193.

Administrativt vedtak. Saknr: 42/2017

Tiltakshavar: Siri Bysheim
Ansvarleg søkjar: Gamle3hus AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

Saksutgreiing:

Tiltak:

Gamle3hus AS, har på vegne av tiltakshavar, Siri Bysheim, søkt om igangsettingsløyve (I G) for grunn-, betong- og røyrleggjararbeid for tilbygg fritidsbustad på Fløksand, gbnr 5/193.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 175/2016, dagsett 05.06.2016. Søknad om igangsetting vart avslått i administrativt vedtak 242/2016, dagsett 08.07.2016, grunna manglande dokumentasjon på tilkomst til eigedomen.

Godkjenning av ny avkøyring frå kommunal veg på Fløksand vart gitt i administrativt vedtak 308/2016, dagsett 16.09.2016.

Krav til dokumentasjon sett i rammeløyve 175/2016 ligg no føre og søknad om igangsetting kan handsamast.

Vurdering:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for grunn-, betong- og røyrleggjararbeid for tilbygg til fritidsbustad på Fløksand, gbnr 5/193, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 23.06.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan - versjon 2 – motteke 23.06.2016, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

IG 5-193

Kopi til:

Siri Bysheim

Rosslandsvegen 5918
1145

FREKHAUG

Mottakere:

Gamle3hus AS

Bellgården 1 5003

BERGEN